



60 GRAM: Denne fisken skal bli mat til verdas befolkning.



7,5 MILLIONAR: Egga kjem frå stamfiskanlegg og blir klekka ut i Steinsvik der smolten veks til han er 300 gram. Då blir han pumpa over i brønnbåtar bygd for oppdrett og skyssa til oppdrettsanlegg frå Sognefjorden til Nordmøre.



FISK VART YRKE: Ei lidenskapleg interesse for å fiske gjorde at Erik Salveson (29) utdanna seg til marinbiolog. No har eidaren ei sentral rolle i det spennande prosjektet der – om lag 60 gram. (ALLE FOTO: JØRN-ARNE TOMASGARD.)

Marinbiologen fekk jobb

HAVBRUK

Jørn-Arne Tomasgard
redaksjon@fjordablaget.no

Erik Salveson (29) nytta tida som fotballspelar i Ranheim til å ta master i marinbiologi ved NTNU. Utdanninga brukar han ved Marine Harvest sitt pionéranlegg for smolt i Steinsvik.

– Det har vore fantastisk spennande og fagleg utfordrande å vere med og byggje opp drifta ved dette nye anlegget. Vi vart kasta uti det, og måtte sørgje for å lære oss alt frå botnen, seier eidaren Salveson.

Det landbaserte resirkuleringsanlegget for settefisk i Steinsvik i Dalsfjorden har vore i full drift sidan hausten 2015. Då det stod ferdig, vart det omtalt som verdas største i sitt slag. Det er 6.500 kvadratmeter stort og hadde ein anleggskostnad på 230 millionar kroner. Sjøførane til Eid Betong kjenner vegen til Steinsvik godt, verksemda leverte all betong - 600 kubikkmeter - i samband med bygginga.

Arbeidsmarknadsregion

Våren 2015 flytta Salveson tilbake til Eid

og jobb på anlegget. Det tek om lag 50 minutt på sommarføre å køyre over Stigedalen til Folkestad og vidare inn i botnen av Dalsfjorden. Dette er eit godt døme på utviklinga med større arbeidsmarknadsregionar, og at det finst fagleg utfordrande arbeidssoppgåver i distriktet om du vel å ta høgare utdanning. Staden der desse utfordringane finst, trengt ikkje å vere den mest innlysande. Steinsvik er eit lite samfunn med om lag 50 innbyggjarar på sørsida av Voldsfjorden i Volda kommune.

Det er fleire nordfjordingar som pendlar til jobb på anlegget. Sjefen til Salveson, driftsleiar Dharma Rajeswaran, pendlar dagleg frå Bryggja. Ein del av dei 15 tilsette er frå bygda, medan nokon pendlar frå Volda.

Veks seg større på land

Anlegget er eit innovasjonsprosjekt for Marine Harvest. At det er eit resirkuleringsanlegg betyr at vatnet i store delar av produksjonen blir reinsa og brukt opp att. Det er enorme kar som skal fyllast med vatn, til saman 10.000 kubikkmeter. Dei største kara er 700 kubikk åleine. Her kan lakseyngelen, smolt på fagspråket, stå til han er 300 gram. Det vil seie at laksen veks på land mykje lenger enn tidlegare før han blir sett i sjøen, og ein reduserer eksponer-

inga for lus og andre sjukdomar.

Det er ikkje berre dei tilsette som kjem frå Nordfjord, men også ferskvatnet har utgangspunkt i fjellområdet mellom Steinsvik og Eid. For i luftline ligg denne staden nær. Bevegar du deg bakover fjellområda frå toppen av Harpefossen, kjem du etter kvart hit. Folket i Dalsfjorden ivrar for eit gammalt vegkrav om tunnel mellom Steinsvik og Stårheim som ville gjort at du kunne flytte deg mellom stadene på få minutt i bil.

Har levert 7,5 mill. smolt

– Til no har vi levert 7,5 millionar smolt med ei snittvekt på 200 gram. Frå no av er planen at fisken skal bli endå større, seier Salveson.

Han er ein av tre teamleiarar i verksemda, og Rajeswaran gjev eidaren gode skussmål.

– Han er fagleg dyktig og ikkje minst ein god pedagog som er flink til å gje frå seg kunnskap til dei andre. Mange av dei som jobbar her har bakgrunn frå andre næringar, så vi er avhengig av god opplæring, seier driftsleiaren.

Salveson seier det har vore nyttig at dei han samarbeider med har allsidig bakgrunn.

– Til dømes har nokon bakgrunn frå byg-

gjeverksemd. Mange detaljar skal på plass, og dette er praktiske folk som er vande med å løyse ulike oppgåver.

Studiebesøk frå Qatar

Etter noko innkøyringsproblem seier Rajeswaran at produksjonen no går etter planen.

– Det vil alltid vere ting som må løysast i ein innkøyringsfase. No går produksjonen som planlagt. Eg vil seie det alt i alt har gått veldig fint, seier Bryggja-mannen.

Anlegget er ikkje størst i verda i sitt slag lenger, no har Marine Harvest bygd eit større anlegg i Fjæra i Hardanger, ein stad med berre sju innbyggjarar!

Rajeswaran fortel at dei som skal drive anlegget i Fjæra har vore i Steinsvik for å ta lærdom.

– Mange tilsvarande anlegg er i ferd med å kome opp. Her har vore mykje folk for å studere anlegget vårt både frå inn- og utland. Til og med ein frå Qatar har vore her.

Lange friperiodar

Salveson fortel at han jobbar ei 12-9 skiftordning, med 12 dagar på jobb og 9 dagar fri.

– No i oppstartsfasen har det eigentleg vore meir jobbing og endå lenger friperiodar på grunn av avspasering. Marine Har-